



Voss, 8. november 2022.



Månadsbrev nr 3/2022-2023 (november)
Av Distriktsguvernør Odd Henry Hommedal

Kjære Rotaryvener!

Månadens Tema.

I Rotaryåret har kvar måned eit tema. I november er det The Rotary Foundation (TRF) det blir sett spesielt fokus på. Rotary International (RI) ynskjer at klubbane skal planlegge møteprogrammet med tanke på månadens tema.

TRF har mange fokusområder og i desse dagar er det naturleg nok stor aktivitet vedkomande fredsarbeid. Mange klubbar og enkeltmedlemar bidrar til dette viktige arbeidet gjennom økonomisk støtte til TRF og Disaster Fund. Det pågår også mange andre prosjekt i distriktet vårt og i Norge for å samla inn pengar og utstyr til Ukraina, og eg vonar klubbane vil halda fram med arbeidet så lenge behovet er der.

Målet til RI er at kvart enkelt medlem skal bidra med 100 USD pr.år til TRF. Det utgjer omlag 85 kroner pr.mnd. Det har me råd til. Du kan enkelt logge deg på [My.Rotary.org](https://my.rotary.org) og klikke på Donate og vipps så er du i gang for å nå målet.

Ein del klubbar har innarbeidd bidrag til TRF i medlemskontingenten til klubben og det er ei god løysing. Det er viktig å vera klar over at ingen ting av den ordinære medlemskontingenten til RI, går til TRF-fondene.

Oversikt over **månadens tema** finn du på rotary.no under fana «Om oss/Kalendere/Månadens tema».

«NORFO» blir til «Rotary – Klubber i Norge»

På årsmøtet i Norfo (Norsk Rotary Forum) vart det vedteke å endra navnet til **Rotary** (logo) og undertittel «Klubber i Norge».

Bakgrunnen er at Norfo ikkje blir identifisert med Rotary. Styret ynskde å endra navnet til «Rotary Norge», men dette navnevalet vart ikkje godkjent av RI. Utfyllande informasjon og den nye logoen finn du på rotary.no.

Shelterbox.

Shelterbox er meir aktuelt enn nokon gong. Krigen i Ukraina og flaumkatastrofa i Pakistan er stikkord her. Shelterbox har endra konseptet ein del. Shelterbox med eit standard innhald og eit unikt nummer som kan fylgjast av gjeverklubben er endra til hjepepakker som er meir tilpassa behovet der det er trong for hjelp. Dette blir meir effektivt og økonomisk lønnsamt enn tidlegare. Eg oppmodar klubbane å kjøpa Shelterbox og støtta det gode formålet.

PRE-PETS.

Pre-President Elect Training Seminar er no gjennomført i alle AG-områda. DGE Wibecke Natås og AG'ane har stått som arrangør for samlingane. Pre-Pets er blitt gjennomført som samtalegrupper, der innkomande Presidentar og Sekretærar har delteke. Mange utfordringar, ynskje og idèar er blitt lufta og essensen av det som er blitt drøfta vil bli tema på PETS på Bryne 11. - 12. mars 2023.

Beste helsing
Odd Henry Hommedal
Distriktsguvernør
D2250